



Arkivnr: 2016/1940-10
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular i Hordaland - Status i arbeidet ved Deloitte

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 18/16 i møte 16.02.2016:

1. *Kontrollutvalet ber Deloitte gjennomføre forvaltningsrevisjon innan innkjøp ved vidaregåande skular i Hordaland.*
2. *Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve i dette møte, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk, innan 1.3.16.*
3. *Leiar i kontrollutvalet, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.*

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjon innan innkjøp er å vurdere om organiseringa av innkjøpsarbeidet ved dei vidaregåande skulane er føremålstenleg, og om rutinar er i samsvar med lover, reglar og politiske føringar Hordaland fylkeskommune.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. *Er organiseringa av innkjøp ved skulane føremålstenleg?*
 - a. *Er det tydelege fullmakter for kven som har ansvar for innkjøp?*
 - b. *Er det tilstrekkelege ressursar knytt til innkjøp i høve til omfanget og kompleksiteten av innkjøpa?*
2. *Har tilsette som er involvert i innkjøp naudsynt kompetanse, og i kva grad er det etablert interne rutinar for opplæring som sikrar dette?*
3. *Vert regelverk samt interne rutinar og retningslinjer på innkjøpsområdet følgde?*

- a. *Er innkjøp eller underliggende kontraktar lyst ut eller konkurranseeksponert i samsvar med krav i regelverk for offentlege innkjøp?*
 - i. *Er korrekt konkurranseform etter regelverket nytta?*
 - ii. *Er korrekt kunngjering/utlysning nytta?*
 - iii. *Er HFK sine retningslinjer for konkurranseeksponering følgde?*
- b. *Er ev. kjøp innanfor rammeavtalar gjennomført i tråd med avtalane og retningslinjene i HFK?*
- c. *Er ev. avvising av leverandørar gjort på rett grunnlag?*
- d. *Er tilbudsevaluering dokumentert?*
- e. *Er tilbudsevaluering gjennomført på ein føreseieleg måte, med likebehandling av leverandørar?*
- f. *Er det utarbeidd protokoll for innkjøpa, og er denne i samsvar med regelverket?*
4. *Er det føremålstenlege rutinar på innkjøpsområdet?*
 - a. *Er det utarbeidd tilstrekkeleg med rutinar og retningslinjer for gjennomføring av innkjøp ved skulane?*
 - b. *I kva grad er det etablert internkontroll for å avdekke og følgje opp brot på rutinar og regelverk?*
5. *Er forretningsdrift ved skulane i tråd med gjeldande lover og reglar?*
 - a. *Er det klare retningslinjer knytt til innkjøp og produksjon av varer for sal/vidaresal, og for prising av varer?*
 - b. *Er det klare retningslinjer knytt til utleige (av utstyr, stallplassar og i samband med arrangement)?*
 - c. *Er det klare retningslinjer knytt til sal og avhending av utstyr og verktøy?*
 - d. *Er det tilstrekkelege retningslinjer for dokumentasjon og kontroll av kontantsal?*
 - e. *Er det retningslinjer som sikrar korrekt og fullstendig rekneskapsregistrering av inntekter og utgifter i samband med varesal og utleige?*

Deloitte har i punkt 1.2 i prosjektplanen definert slike avgrensingar:

«Denne revisjonen vil omfatte dei vidaregåande skulane Voss Nye vidaregåande skule, Stend vidaregåande skule og Hjeltnes vidaregåande skule, med fokus på innkjøp og forretningsdrift knytt til utdanningsprogram for naturbruk.»

Drøfting:

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift i prosjektet.

Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. godkjend prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.